

Sager opnar og avsluttar

31.05.2011

Det er Terje Sager som både skal opna og avslutta sesongen på Systrene Nilsen og opninga musikalsk sett er laurdag.

Det er store forventningar til ein trubadur med eit repertoar som spenn frå norske poplåtar via 1960-talet til dagens pop.

Publikum

får alltid servert noko dei kan kjenne att og syngja med i frå denne artisten.

Han spelar kun akustisk gitar og munnspel og nyttar ikkje rytmeboksar og har utvikla ein personleg måte å kommunisere med publikum på. Ofte tek han ynskje om bestemte låtar på strak arm.

Det er også unikt ved Sager at han ved føttene sine har en boks der han gjer opptak av seg sjølv. Ved neste fottrykk spelar han opptaket av Dermed får han moglegheiter for soloar, koring og ekstra rytmegitarar - eit ualminneleg allsidig lydbilete.

Sager er ein av få musikarar som har turnert til dei norske styrkene i Afghanistan i skotsikker vest og armert hjelm.

Han skriver og eigne låtar og det har gjeve platekontrakt i Tyskland med bandet Wilfred.

Av Ola Matti Mathisen